

(5)

13-May-2016



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
John Olav Hisdal, 5557 2324

Vår dato  
03.09.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/10353  
Dykkar referanse

Roger Hartveit  
Hanstveit  
5283 Fotlandsvåg

### Rapport fra inspeksjon ved Roger Hartveit sitt pukkverk, Vevletveit, Osterøy kommune 27. august 2014 Rapportnummer: 2014.128.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Roger Hartveit

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Hallvard Hageberg  
John Olav Hisdal

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og har gitt 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- utsleppskontroll og farleg avfall
- internkontroll

Avvika og merknadene er nærmere omtalt frå side og utover i rapporten.

Roger Hartveit må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. november 2014 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side to.

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

John Olav Hisdal  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Osterøy kommune Rådhuset 5282 Lonevåg

## **1. Informasjon om verksemda**

Navn: Roger Hartveit	Kontrollklasse: 4
<b>Besøksadresse:</b> Vevletveit, Osterøy kommune	
<b>Postadresse:</b> Hanstveit, 5283 Fotlandsvåg	
E-post: nils@osteroyregnskap.no	Telefon: 979 53 613
Kommune: Osterøy	Organisasjonsnr.: 985 369 119
Bransjenr. (NACE-kode):	Eigar (org.nr.): Roger Hartveit
Løyve trekt tilbake 5. januar 2012, er no forskriftsregulert	Siste tilsyn:

## **2. Bakgrunnen for inspeksjonen**

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere at kapittel 30 i ureiningsforskrifta er stetta.

Følgjande hovedtema vart kontrollert:

- støy
- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- farleg avfall
- Internkontroll og miljørisikovurdering

## **3. Oppfølging etter kontrollen**

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. november 2014 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

### **Varsel om tvangsmulkt**

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. november 2014, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentalar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## **4. Kontrollgebyr**

Fylkesmannen varsla i brev av 19. august 2014 at Roger Hartveit vil få eit gebyr for kontrollen. Gebyret er fastsett til kroner 4 500 for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebrysats 4. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebrysats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

## **5. Offentleggjering**

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## **6. Dokumentunderlag**

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 30
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## **Definisjonar**

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjoner).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og trykkleik som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

**Avvik 1: Verksemda har ikkje gjort støvnedfallsmålingar**

**Avvik frå:** Forureiningsforskrifta § 30-5, jf. § 30-9

### **Kommentar til regelverket:**

Støvnedfallsmålingar må gjerast når avstanden til nærmeste nabo er mindre enn 500 meter. Dette er tilfelle for steinknuseverket på Vevleveit. Støvmålingane må gjennomførast sjølv om knuseaktiviteten er liten. Målingane må gå over minst eitt år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at krava i forskrifta vert stetta.

**Observasjon under tilsynet:**

Det var ikkje knuseaktivitet under tilsynet. Haretveit opplyste at det vert knust ca. 20 000 m<sup>3</sup> fast fjell for året. Borerigg vert leigt inn når det trøngs og denne har alltid støvfilter påmontert. Vatning vert gjennomført ved behov. Det var ikkje støv frå anlegget på tilsynsdagen.

**Avvik 2: Lagring av farleg avfall var ikkje tilfredstilande****Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5****Kommentar til regelverket:**

Farlig avfall skal handterast forsvarleg og må oppbevarast på ein slik måte at forureining ikkje oppstår eller at det er fare for skade på menneske eller dyr. Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong for året dersom det overstig 1 kg.

**Observasjon under tilsynet:**

Fleire batteri stod lagra utandørs. Det vart opplyst at oljeskift på maskiner vart gjennomført av eksterne firma og at brukt olje vart teken med. Hartveit opplyst at han ville gå til innkjøp av ein liten låsbar container for oppbevaring av farleg avfall.

**8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

**Merknad 1: Internkontroll kunne ikkje dokumenterast****Kommentarar:**

Roger Hartveit er sjølvstendig næringsdrivande og har berre son sin som tidvis arbeidet hos han. Det ble opplyst at han har utarbeid internkontoll. Denne kunne ikkje leggast fram under inspeksjonen, men ville bli sendt oss.

**Merknad 2: Støyrapport kunne ikkje leggjast fram****Kommentar:**

Det er eit krav i kapittel 30 at støyvurderingar skal gjennomførast. Aktiviteten ved anlegget har tidligare vore noko større. Det vart då gjennomført støymålingar og vurderingar. Støyrapport vart laga og denne vil bli ettersendt til oss.